

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Leiging og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Høyringsinstans	Norsk tenestemannslag (NTL) v. HiSF
Prosess	Medlemsmøte
Kap 4	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Begrepet «fakultet» kjenner me først og fremst frå universiteta. Der er fakulteta stort sett òg fysiske einingar, med lokalisering i eit eller fleire bygg. Det same gjeld institutt, der det vanlege er ei avgrensa lokalisering. I HVL vert det viktig å ta omsyn til at fakultet og institutt <i>ikkje</i> er fysiske einingar. Studentar og tilsette frå ulike fakultet og institutt, vil jobba side ved side. Og hovudregelen vert at både tilsette og studentar fysisk sit langt frå institutt- og fakultetsleiinga. NTL HiSF meiner dette perspektivet er viktig når ein ser på ulike løysingar for organisering.</p> <p>I kapittel 4.5, punkt 6 (s. 28) står som eit sentralt prinsipp for organisering på nivå 3: «Studentnære administrative funksjonar til stades på instituttnivå». I perspektivet ovanfor, vert spørsmålet kva «til stades» betyr. Vidare står «For å sikre god intern styring, bruk av vitskapleg arbeidstid fagretta, og nærleik til studentane, bør ein tilstrekkeleg administrativ ressurs vere knytt til institutta.» NTL HiSF vil understreka at ein i vidare drøftingar av plassering av (administrative og andre) funksjonar må vera tydeleg på om ein meiner fysisk og/eller organisatorisk plassering. Då kan ein tidleg avdekka potensielle motsetningar i løysingane ein foreslår.</p> <p>Eit grunnleggjande trekk ved den HVL er at det vert ein fleircampusinstitusjon. Me må organisera oss slik at dette vert eit fortrinn. Både <i>generalist- og spesialistkompetansen</i> i heile den nye institusjonen må utnyttast. <i>Nærleiken</i> som dei tre høgskulane i dag har til tilsette, studentar og omgjevningane, må me vedlikehalda og vidareutvikla. Dersom ein ikkje tek lokalisering på alvor som ein dimensjon, kan desse styrkane på sikt bli undergravne.</p>
Kap 5	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</p> <p>Det bør vera leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar i toppleiinga. Innsikt i administrative oppgåver og tenester, og konsekvensar av ulike avgjerder for aktiviteten i høgskulen, trengs inn i dei strategisk avgjerdene i toppleiargruppa. Dette vil òg styrka informasjonsflyten attende til organisasjonen. Som det står i rapporten på side 34: «[...]for å sikre god og effektiv arbeidsflyt, i ein kompleks, stor og ny organisasjon».</p> <p>Det vil òg vera uheldig om ein prorektor skal ha ansvar for verksemdsstyring sidan det allereie ligg eit nærregionsansvar og eit funksjonsansvar for ei sentral samfunnsoppgåve eller eit strategisk område til rolla. Ansvar for verksemdsstyring bør heller liggja til ein administrativ leiar, som er medlem i toppleiargruppa.</p> <p>Administrative funksjonar på faktultetsnivå</p> <p>Prosjektgruppa meiner at fakulteta må ha «fullverdige administrative tenester i dekan si styringslinje» (s. 39). Dette er NTL HiSF usamd i. Me meiner at HVL må byggja ein ny</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	<p>organisasjon der dei administrative tenestene vert utvikla på tvers av den faglege inndelinga. HVL er ein fleircampusinstitusjon der studentar og tilsette frå fleire ulike faktultet sit side ved side på fem studiestader. Funksjonar som vert knytt til autonome faktultet, må ein rekna med vert ulike frå faktultet til faktultet, spesielt over tid. Ein må difor skilja mellom dei tenestene som får best kvalitet og er mest effektive når dei er spesialiserte mot kunnskaps-, profesjons- eller utdanningsområde, og som dermed kan følgja fakulteta, og dei som får best kvalitet og er mest effektive når dei vert organiserte på tvers av fagleg inndeling. Sistnemnde bør organiserast på studiestaden, i nærregionen eller som fellestenester i HVL.</p>
--	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------